

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 200/2012**

2013/EØS/6/10

av 26. oktober 2012

**om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”EØS-avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket<sup>(1)</sup>, retta ved TEU L 108 av 29.4.2010, s. 355, skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Forordning (EF) nr. 66/2010 opphevar europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000<sup>(2)</sup> som er teken inn i EØS-avtala og difor må opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XX til EØS-avtala skal teksta i nr. 2a (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000) lyde:

”**32010 R 0066**: Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket (EUT L 27 av 30.1.2010, s. 1), rettet ved EUT L 108 av 29.4.2010, s. 355.”

*Artikkel 2*

Teksta til forordning (EF) 66/2010, retta ved TEU L 108 av 29.4.2010, s. 355, på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. november 2012, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 26. oktober 2012.

For EØS-komiteen

***Atle Leikvoll***

Formann

<sup>(1)</sup> TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

<sup>(\*)</sup> Forfatningsrettslege krav oppgjevne.